



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Referat soknerådsmøte tysdag 25. april kl. 17:30 på kyrkjekontoret

Til stades: Jostein Husa, Per Børge Hillestad, Lars Svendsen, Olav Husa, Ragnhild Husa, Anders Bergsland, Solrunn Gullaksen og Mia Etokebe.

Meldt fråfall: Erling Walderhaug, Olav Husa og Tone Sævi

Saksliste

S22/17 Godkjenning av innkalling og referat –ok, men vara fekk det litt seint.

S23/17 Skriv og meldingar

Eventueltsakar frå Per Børge Hillestad og Lars Svendsen vert meldt her.

Oppfølgingssaker:

Nøkkelrutinar – Lars Svendsen har fått eit tilbod frå Bergen låsservice som ligg på 25 000,- Dette inkluderer motering av 3 nye låser og 30 nøklar som kan kvitterast ut – eit lovleg system. Vi kan spare 8000,- om vi monterer sjølv.

Eit anna alternativ er datastyrte låser. Dette er eit meir omfattande byttet, men det vil gjere oss meir rusta for framtida. Dette vil koste over 50.000,-

Vi tek saka vidare til neste møte for å gjere vedtak.

Til informasjon:

S14/17 Fasteaksjonen 2017 – Den 4. april vart det samla inn 13820 kroner.

Super jobb av dei konfirmantane som stilte!

S18/17 Årsmøte var den 27. mars – vedlagt ligg årsmeldinga til signering – godkjent

Saker under arbeid som vi ikkje tek med på dette møte:

Revidering av personalplan – Ragnhild Husa har gjort språkvask og rettingar på dokumentet. Ny personalplan må gjerast vedtatt på neste møte.

S24/17 Sak frå presten Per Børge Hillestad om gudsteneste - og bibeltimetilbod
Sakspapir i vedlegg.

- Liturgisk songkveld i september.

Vedtak: Soknerådet er positive til dette.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- Gudsteneste med hausttakkefest lagt til bedehuset: Soknerådet ønskjer ein felles gudsteneste på bedehuset 1. oktober 2017 med hausttakkefest. Jostein Husa vil være med å førebu haustens grøde.
- Bibeltimar med tema Johannes openberring. 8 samlingar med 16 bibeltimer fordelt over eit år. 4 på haust og 4 på vår. Per Børge Hillestad vil vere med som undervisar, men ønskjer ein komité som jobbar dette fram. Han ønskjer at soknerådet og bedehuset står som arrangørar, og med ei målsetting om at kyrkjesjeldne finn vegen til kyrkje og bedehus. Når komiteen er på plass kan arbeidet fortsette.
Vedtak: Soknerådet er positive til dette.

S25/17 Vedtekter om leige av kyrkja – Kyrkjeverje vil lage eit tilsvarande vedtak, som det frå mars 2007, på dei nye leigesatsane, få dei godkjent hos bispedøme og offentleggjere dei.

S26/17 Nye heimesider

Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret, men sokneprest har og høve til å publisere. Soknerådet ønskjer at nettsida vår skal vere raus og vil derfor også dele informasjon og nyhende frå bedehuset. Mykje av det kristne arbeidet på Fedje skjer nettopp i bedehuset. Det overordna formålet for soknerådet er å ha sin merksemd på alt som kan vekke og nære det kristlege livet i soknet (kyrkjelova §9).

S27/17 Eventuelle saker

Utegudsteneste

Ove Villanger og Edvard Koppen stiller igjen nausta sine til disposisjon for ein gudsteneste i sommar.

Vedtak: Det vert utegudsteneste i/mellom nausta 18. juni . Vedtatt med 4 stemmer for og 2 mot.

Gudsteneste

Sommargudstenesta som er satt opp 9. juli er nå bestemt til kl. 19:30 med kyrkjekaffi på førehand kl. 18:30

Flygel

Vi følgjer opp saka på neste møte.

Soknerådsleiar: Jostein Husa

Referent: Mia K. Etokebe